



Pressemelding

Fv. 671 til Todalen opnar fredag

Statens vegvesen opnar eitt køyrefelt på fv. 671 til Todalen fredag 6. september klokka 1500. Vegen vil fortsatt vere stengt i periodar og får lysregulering når vegen er open.

Siste ferjeavgang frå Todalen er fredag 6. september klokka 1345.

- Arbeidet har gått bra dei siste dagane og vi er glade for at vi kan opne for ferdsel litt før vi rekna med, seier sjefsingeniør Ivar Hol i Statens vegvesen.

Vegen vil fortsatt vere stengt i periodar. Grunnen er at anleggsvegen i fjellsida, som måtte byggast for å rydde rasfarleg stein, no skal fjernast. Dette er ikkje mogleg å gjere medan det er trafikk på vegen.

Vegen er open alle kvardagar frå 2000 til 0800. I tillegg er han open:

Måndag: 1100-1130 og 1500-1700

Tysdag: 1100-1130 og 1500-1700

Onsdag: 1100-1130 og 1400-1700

Torsdag: 1100-1130 og 1500-1700

Fredag: 1100-1130 og 1400-1700

Vegen er open for ferdsel på helg - frå fredag klokka 2000 til måndag klokka 0800.

Tidspunkta for opning er bestemt i samarbeid med Surnadal kommune.

Det er eitt køyrefelt som no vert opna. Vegen får lysregulering og fartsgrense 30 km/t for å sikre trygg ferdsel. Når fjellsida er rydda, kan rassikringa av vegen med fanggjerde starte. Vegen kan opnast for fri ferdsel i full bredde når rassikringsarbeidet er ferdig. Det vil truleg vere i siste halvdel av november.

Kontaktperson i Statens vegvesen:

Sjefsingeniør Ivar Hol, tlf 916 35 193

